



SULDAL KOMMUNE

Eidsvegen 7

4230 SAND

Kontakt saksbehandlar

Ida Eline Skålnes, 51568807

Fråsegn med motsegn - høring og offentlig ettersyn - reguleringsplan - Suldal 141/1 - 142/2 -134/1 m.fl. - detaljregulering råstoffutvinning Berakvam - Kordalsnuten - planID 202301

Suldal kommune har lagt detaljregulering for råstoffutvinning på Berakvam på offentlig ettersyn. Føremålet med planen er å utvide dagens masseuttak. Området er om lag 2700 daa stort. Statsforvaltaren har lagt vekt på den samla belastninga av tiltaket, og fremmer motsegner til manglande ivaretaking av areal med betydning for klima og natur, mangelfull plan for massehandtering, mangelfull støytutgreiing og mangelfull risiko- og sårbarheits-analyse. Me har også fleire faglege råd.

Vår vurdering

Planforslaget inneber omdisponering av 2700 daa meir eller mindre urørt natur. Me viser til KU naturmangfald land som seier følgjande innleiingsvis:

«Det er totalt kartlagt heile 93 naturtypelokalitetar. Av desse lokalitetane er 63 hole eiker. I tillegg er eit stort viktige økologisk funksjonsområde for artar (viltområde fugl) knytt til gammalskog avgrensa. Det er registrert heile 34 raudlisteartar i undersøkingsområdet.

Samla konsekvens for tiltaket er vurdert som svært store negative konsekvensar for fagtema naturmangfald på land. Dette er fordi at det er ein overvekt av delområde med alvorleg konsekvens (11 lokalitetar). I tillegg er det fleire lokalitetar med middels negativ konsekvens. Totalt 14 naturtypelokalitetar blir råka av nedbygging. Eit økologisk funksjonsområde for artar med stor verdi er også vurdert til alvorleg konsekvens. Fleire lokalitetar for totalt 11 raudlisteartar av lav, sopp og insekt vil gå tapt. Beiteområde for spesielt hjort vil gå ut av bruk, og trekkområder for hjort vil bli råka.»

Tiltaket vil også få store konsekvensar for vassdraga i og utanfor tiltaksområdet. Me viser til utdrag frå KU på vassmiljø:

«(...) Samla konsekvensgrad for alle alternativ er stor negativ konsekvens. Dette er fordi det er ein overvekt av delområde med middels konsekvens, samstundes som det er fire delområde som får alvorleg konsekvens og eitt delområde som blir vurdert til svært alvorleg konsekvens: VM5 Leitetjærna og Tjødnane,



som med svært stor verdi for vassførekomstar jf. vassforskrifta + påverknad sterkt forringa får den mest alvorlege konsekvensgraden (...)»

Det er gjort omfattande utgreiingar av tiltaket i samband med både kommuneplanprosessen og detaljreguleringa. Dei oversendte dokumenta legg ikkje skjul på dei betydelege konsekvensane planen vil medføre. Dette gjeld både for natur, vassdrag og klima, og for omgjevnadene rundt som vil bli råka av støy, støv og bortfall av områder for friluftsliv.

Trass i dei store konsekvensane og samla belastninga på miljøet i og rundt tiltaksområdet, er det gjort få faktiske grep for å redusere konfliktnivået og avgrense dei negative verknadene for natur og miljø.

Sidan kommuneplanen var oppe til handsaming i 2022-2023, er det kome ei rekkje nye og skjerpa føringar for arealplanlegging og ivaretaking av natur. Vi nemner blant anna nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 - 2027, statlege planretningslinjer for klima og energi, og statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet. Samlege er tydelege på behovet for ei langt meir kritisk haldning til nedbygging av areal med betydning for klima og natur. Kommunen har eit stort samfunnsansvar som planmyndigheit, og må ta sin del av ansvaret for å følgje opp dei føringane som er gitt for å nå felles samfunns mål. Dette tilseier at kommunen må ha eit oppdatert og kritisk blikk, sjølv på areal som er omdisponert relativt nyleg.

Avbøtande tiltak

Det er foreslått fleire skadereduserande tiltak i ulike rapportar som er utarbeidd i samband med reguleringsplanen. I regionalt planforum gav Statsforvaltaren tilbakemelding om at det kunne sjå ut som at mange av desse ikkje var innarbeidd i planen. Me oppmoda til at det blei laga eit oversiktsdokument over skadereduserande tiltak, og at desse blei innarbeidd i føresegnar eller sikra på anna vis.

I dokumentet «avbøtande tiltak oppsummering» er tiltaka lista opp i tråd med vår tilbakemelding. Det er foreslått fleire tiltak som ikkje er innarbeidd i planen, til tross for at det står i dokumentet at dei er innarbeidd i føresegnar. På bakgrunn av manglande sikring av avbøtande tiltak for fleire tema fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 5-4. Naudsynte tiltak må sikrast, eventuelt må det gjerast greie for kvifor det ikkje er aktuelt å sikre dei skadereduserande tiltaka i planen. Me kjem også nærare inn på enkelte tema vidare i vår fråsegn.

Vendalstjørna

Planen får betydelege konsekvensar for Vendalstjørna. Vendalstjørna er kartlagd som ein vassførekomst, som eit mogleg økologisk funksjonsområde for storsalamander (nær trua), og som naturtypen naturleg fisketomme innsjøar og tjern. Vendalstjørna er omkransa av djup myr. Vendalstjørna med tilhøyrande myrområde vil bli «sterkt forringa» som resultat av planforslaget: *«Nedbørsfelt blir kraftig redusert, og redusert grunnvasstand fører til mykje mindre vatn til myra og antakeleg periodevis tørke i bekken. Fare for avrenning frå voll mot Vendalstjørna».*

Vasstanden i Vendalstjørna blei senka for 30 år sidan, og som eit avbøtande tiltak er det foreslått å etablere ein terskel ved utløpet for å heve vasstanden. Dette vil berre ha effekt fram til uttaksområdet blir sprengt under terrengkote for tjørna og myrområdet rundt. Når uttaksområdet er sprengt under dette nivået, er det fare for å senka grunnvassnivå rundt Vendalstjørna, og bekk til Ottøysundet vil i periodar kunne gå tørr. Myrområda rundt Vendalstjørna vil gradvis få endra karakter, og gå frå myr til fastmark, eller i verste fall forsvinne heilt.



Gjennom både kommuneplanprosessen og ved varsel om oppstart av arbeidet med detaljreguleringa, har Statsforvaltaren vore tydelege på at omsynet til Vandalstjørna må sikrast i planen. Eit avbøtande tiltak som berre vil ha tidsavgrensa verknad, sikrar ikkje dette omsynet i tilstrekkeleg grad.

Sidan kommuneplanen blei vedteken i 2023, er dei nasjonale føringane for nedbygging av karbonrike areal blitt skjerpa, både gjennom statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og statlege planretningslinjer for klima og energi. Karbonrike areal skal tas omsyn til slik at areala sin kvalitet og evne til økosystemtenester, karbonlagring og klimatilpassing blir oppretthaldt. Dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet er tydelege på at planlegginga skal bidra til eit klimatilpassa samfunn og ivaretaking av naturmangfald. Vandalstjørna består av eit fiskelaust tjern som er viktige leveområde for insekt og amfibiar, og mogleg funksjonsområde for den nært trua storsalamanderen.


På bakgrunn av konsekvens for vassførekomsten, potensielt økologisk funksjonsområde for storsalamander (nær trua) og naturtype med stor KU-verdi, samt manglande ivaretaking av karbonrike areal, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

Risiko for at Vandalstjørna blir drenert ut må avklarast, og det må gjerast greie for kor mykje vatn Vandalstjørna og tilhøyrande myrområde treng for å oppretthalde sin funksjon. Basert på dette må ein sjå på kor mykje av nedbørsfeltet som må behaldast for å sørge for nok vatn slik at Vandalstjørna og tilhøyrande myrområde sin funksjon blir oppretthaldt, og risiko for at vatnet blir drenert ut blir redusert.

Tilkomstveg

Tilkomstvegen som er planlagt etablert vil medføre betydelege inngrep i både landskap og natur. Vegen vil dele naturtypelokaliteten NM81 i to, og råke ved naturtypelokalitet NM82. Desse består av boreonemoral regnskog (VU og svært stor verdi).

I vurdering av påverknad og konsekvensgrad får lokaliteten NM81 vurdering «forringa» og «middels konsekvens» fordi under 20 % av lokaliteten blir råka av anleggsveg, fyllingar og skjeringar. Sjølv om mindre enn 20 % av lokaliteten blir beslaglagd reint fysisk, vil fragmenteringa medføre endring i fukttilhøva i skogen. Dette vil få konsekvensar for den delen av regnskogen som får stå igjen. Konsekvensgraden «middels konsekvens» er for svak sett opp mot den reelle påverknaden på regnskogen.



Illustrasjon av tilkomstveg fra planomtalen.

Vidare vil vegen medføre behov for store inngrep i landskapet, med opp mot 30 meter høge skjeringar. I følge konsekvensutgreiinga for vassmiljø må det forventast ein vesentleg avrenning av partiklar og sprengstoffrestar (hovudsakeleg ammonium og nitrat) frå vegfyllinga, spesielt i anleggsfasen og dei fyrste åra etter dette. Dette kan forringe vasskvalitet og habitat for sjøaure.



Planforslaget medfører store klimagassutslepp. Eit av dei få avbøtande tiltaka som er foreslegne for å bøte på dette, er å unngå at tilkomstvegen blir lagt i område kor skogen har høg og særskild høg bonitet. Heile arealet der anleggsvegen er planlagt etablert består av skog av høg og særskild høg bonitet. Det er også vist til «eventuell myr» i området, og det er uklårt om vegen også kjem i konflikt med myr.

I kommuneplanføresegnene er det krav om «*nærare vurdering av trase og utforming av anleggsvegen med fokus på alternativ/avbøtande tiltak i høve til landskap og naturtypar*», og det går fram av planomtalen at vegen er justert samanlikna med avgrensinga i kommuneplanen. Vegen vil framleis råke ved viktig naturtype, karbonrikt areal, medføre avrenning til vassdrag og krevje store inngrep i landskapet. Dersom det innanfor arealet som var tiltenkt tilkomstveg, ikkje er mogleg å finne ei løysning som i mindre grad kjem i konflikt med omsyna til natur, klima og landskap, må det gjerast ei vurdering av alternative plasseringar av tilkomstvegen. Det må også vurderast om det er behov for tilkomstveg, eller om tilkomsten kan løysast gjennom tunnelen slik at landskapet mot Sandsfjorden blir skjerma.

I lys av skjerpa føringar for nedbygging av areal med betydning for klima og natur, og basert på ei samla vurdering av konsekvensar for natur på land og i vassdrag, klima og landskap, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til tilkomstvegen, jf. plan- og bygningslova § 5-4. Det må gjerast greie for alternativ.

Sandsfjorden

Avrenninga frå drifta skal skje til Sandsfjorden via sedimentasjonsbasseng. Likevel er det ikkje gjort greie for påverknad og konsekvens for Sandsfjorden, verken i konsekvensutgreiinga eller i vurderinga av vassforskrifta. I tillegg til å vere nasjonal laksefjord har Sandsfjorden eit rikt marint naturmangfald bestående av blant anna korallrev og sukkertare. Omsynet til resipienten må vurderast i planen, og det må gjerast greie for om utsleppet frå verksemda er foreinleg med å oppretthalde både økologisk tilstand og viktige naturverdiar i fjorden.

På grunnlag av manglande vurdering av påverknad på Sandsfjorden med tilhøyrande naturverdiar av nasjonal interesse, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

Avrenning til Slåttevattet og Økstrafjorden

Konsekvensutgreiinga for vassmiljø er utarbeidd på visse premiss og føresetnader. Eit sentralt premiss i KU vassmiljø er at det skal utarbeidast ein detaljert plan som skal hindre utslepp til Slåttevassdraget, og at all avrenningsvatn frå uttaksområdet skal førast ned i sedimentasjonsbasseng. Når KU baserer seg på at slik avrenning ikkje skal skje, er det avgjerande å sørge for at denne premissa er mogleg å oppnå.

At det ikkje skal skje avrenning til Slåttevattet og Økstrafjorden har stått sentralt i dialogen i samband med kommuneplanprosessen. I KU er det vist til moglege tilnærmingar for å hindre avrenning til Slåttevattet og Økstrafjorden, og det er sett funksjons- og kvalitetskrav i føresegnene om at det ikkje skal skje avrenning. I dokumentet «avbøtande tiltak» er det vist til fleire avbøtande tiltak under tema vassmiljø som ifølgje dokumentet skal vere innarbeidd i føresegnene. Me kan ikkje sjå at desse er sikra. Blant anna er det vist til at det skal utarbeidast detaljerte planar for å hindre avrenning til Slåttevattet, og for tømning av tjørn innanfor planområdet med meir.



Verksemda har med dagens drift utfordringar knytt til avrenning til Sandsfjorden. Det er dermed viktig at det blir utarbeidd detaljerte planar for korleis ein skal sikre at det ikkje skjer avrenning til Økstrafjorden og Slåttevatnet, før nytt område blir opna for drift. Med grunnlag i omsynet til vassdragsverdiar fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til manglande sikring av krav om slik plan, jf. plan- og bygningslova § 5-4. Planen må utarbeidast av kompetent fagperson.

Vollar i buffersona

I samband med revisjon og vedtak av kommuneplanen vart det lagt inn ei buffersone rundt brotet (H540_1 – omsynssone grøntstruktur). Planen som no er på høyring har utgreia tre alternativ, der to inneber vollar i denne sona. Det er avgjort å gå for alternativ 2, med ei noko justert uttaksgrense samanlikna med kommuneplanen, og tre vollar.

I konsekvensutgreiinga går det fram at vollane blir plassert i tre ulike nedslagsfelt, og at samlege vil medføre avrenning av partiklar. Planforslaget medfører allereie store negative konsekvensar for vassdraga i området, og ut frå konsekvensutgreiinga for vassdrag er det tydeleg at avrenning frå partiklar frå vollane kan forverre denne situasjonen ytterlegare. I følge KU vil bekk frå Romsbotn i utgangspunktet ikkje bli råka av avrenning, her er utfordringa først og fremst at nedbørsfeltet blir redusert. Etablering av voll med avrenning her kan føre til dårlegare økologisk tilstand.

Statsforvaltaren har i dialog i forkant av høyring av reguleringsplan signalisert at sona rundt brotet burde stå fritt for inngrep. Det er sett av store areal til råstoffutvinning, og behov for vollar bør løysast innanfor arealet utan omsynssone grøntstruktur. Tiltaket planen legg opp til vil få store konsekvensar for landskap og medføre støy til omgjevnadene, men det er ikkje klårt frå dei ulike rapportane om det å ha vollar i buffersona er avgjerande for å sikre desse omsyna. I støyrapporten går det fram at «vollane er ikkje naudsynte for at verksemda skal klara å halda støykrava».

Basert på ei samla vurdering fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til etablering av vollar i omsynssone grøntstruktur, jf. plan- og bygningslova § 5-4. Det er uklårt om plassering av vollar i omsynssona er avgjerande for å sikre omsyna på staden. Vollane vil bidra til partikkelavrenning til vassdrag og ytterlegare arealbeslag.

Hole eiker

Det er kartlagt 63 hole eiker i undersøkingsområdet. Hole eiker er ein utvald naturtype etter naturmangfaldslova §52. I KU er det foreslått følgjande som skadereduserande tiltak:

«Eikene som må fellast bør ivaretakast i så store tredelar som mogleg slik at artane som er knytt til desse trea kan få ei moglegheit til å overleve, samstundes som at andre artar kan etablere seg og leve på desse trea. Dette gjeld og andre store gamle og døde tre. Det bør lagast ein plan for hogst og ivaretaking av gamle tre som ein del av anleggsfasen».

Tiltaket er ikkje innarbeidd i føresegnene.

Det er eit høgt tal hole eiker som går tapt som konsekvens av planforslaget. Tiltaket medfører ikkje berre konsekvensar for sjølve trea, men også naturmangfaldet knytt til hole eiker. Hole eiketree er hotspot-habitat for raudlista artar, med særleg høg tettleik av habitat-spesifikke trua artar av både insekt, sopp og lav.

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** til manglande avbøtande tiltak for å ta vare på hole eiker og tilhøyrande naturmangfald, jf. plan- og bygningsloven § 5-4. Det må setjast krav om plan for hogst og



ivaretaking av gamle tre (særleg holer eiker) i reguleringsplanføresegnene, med føremål om å bevare flest mogleg tre og sørgje for at dei blir handsama på ein slik måte at trea kan få ei moglegheit til å overleve, samstundes som at andre artar kan etablere seg og leve på desse trea, i tråd med forslag til tiltak i KU.

Vurdering av vassforskrifta

Jamfør vassforskrifta skal tilstanden i vassførekomstane beskyttast mot forringing, forbetrast og gjenopprettaast med sikte på å nå miljømåla i §§ 4-7. Planen medfører varig forringing av vassførekomstane «Sandsfjorden sør bekkefelt» og «Økstrafjorden til Tyssefjorden bekkefelt». Planen må derfor vurderast etter vassforskrifta § 12, som er ei unnataksføresegn for når miljømåla ikkje blir nådd, eller ny verksemd medfører forverring. Det er planmyndigheita som skal vurdere vilkåra i vassforskrifta § 12.

Suldal kommune har vurdert at det ikkje finst praktisk gjennomførbare tiltak som kan settast inn for å avgrense skade (jf. vilkår a), samfunnsnytta av verksemda er betydeleg (jf. vilkår b), og det ikkje er teknisk gjennomførbart å oppnå hensikta med planen med midlar som er miljømessig vesentleg betre (jf. vilkår c). Kommunen har konkludert med at vilkåra i vassforskrifta § 12-4 2. ledd er oppfylt slik at tiltaket kan gjennomførast trass i at miljømåla for dei aktuelle vassførekomstane ikkje blir nådd.

Eit av vilkåra i vassforskrifta § 12 er at alle praktisk gjennomførbare tiltak skal settast inn for å avgrense negativ utvikling i vassførekomsten sin tilstand. Jf. miljødirektoratet sin rettleiar til vassforskrifta § 12, skal det gjerast greie for kva avbøtande tiltak som er vurdert. Kommunen skriv under vurderinga av vilkår a at det er mogleg å utsetje konsekvensane noko, men på sikt er det ikkje noko gjennomførbare tiltak som kan avgrense skaden utan å stanse heile tiltaket.

Arealavklaringar på kommuneplannivå er overordna. Ved detaljregulering er det høve til å gjere meir detaljerte avklaringar basert på høva på staden. Det vil dermed vere naturleg å vurdere justeringar i planen dersom dette kan bøte på dei negative verknadene frå tiltaket.

Vidare går det fram av rettleiinga at «alle praktisk gjennomførbare tiltak» inneber at alle tiltak som er teknisk mogleg å gjennomføre, skal gjennomførast så lenge dei ikkje er så kostbare at dei ikkje står i rimeleg forhold til effekten dei gir, eller ikkje er foreinlege med drifta. Dei to vassførekomstane som blir varig forringa er begge bekkefelt, og består dermed av ulike bekkar som til saman utgjer ein vassførekomst. Det bør vurderast om det er mogleg å gjere tiltak i andre bekkar innanfor same vassførekomst, og ikkje berre dei bekkane som blir råka direkte.

Planen medfører varig forringing av vassførekomstane «Sandsfjorden sør bekkefelt» og «Økstrafjorden til Tyssefjorden bekkefelt». Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at det blir gjort greie for kva avbøtande tiltak som er vurdert, og at kommunen vurderer om det kan gjerast tiltak i andre delar av vassførekomsten for å bøte på dei negative verknadene av tiltaket.

Tilbakemeldinga om vassforskrifta må også sjåast i samanheng med motsegna til manglande vurdering av påverknad på Sandsfjorden.

Me gjer merksam på at ei vurdering av vassforskrifta også vil bli gjort ved ein eventuell framtidig søknad om utsleppsløyve etter forureiningslova.



Forureining

Planen legg opp til auka belastning på nærområdet i form av støy og støv. Kor lenge uttaket skal gå føre seg avhenger av ulike moment, slik som årleg produksjonsvolum, men plandokumenta skisserer eit tidsperspektiv på opp mot 91 år. Dette betyr at drifta vil råke ved fleire generasjonar.

I vår fråsegn til høyring av arealdelen i 2022 og seinare i mekling, uttrykte Statsforvaltaren bekymring knytt til om kommunen legg for mykje tillit til avklaringar etter forureiningslova og løyver som skal gis seinare.

Statsforvaltaren er myndigheit for drifta sitt løyve etter forureiningslova, og den første saka som ligg digitalt i vårt sakssystem er datert tilbake på 1990-talet. Me har derfor lang kjennskap til verksemda. Det er ikkje til å leggje skjul på at drifta medfører stor belastning på omgjevnadene rundt, både i form av støy og støv, og forureining til sjø og vassdrag. Verksemda har gjentatte avvik på utslepps-løyve og manglande kontroll på utslepp til vatn, og har også vist manglande gjennomføring av pålagte tiltak.

Sjølv om Statsforvaltaren kan setje grenseverdier og krav om tiltak etter forureiningslova, og følge opp dette gjennom tilsyn og ev. pålegg om retting og tiltak, er det verksemda som må sørge for at vilkår i løyve blir følgt opp. Gjennom vedtak av reguleringsplanen, legg kommunen til rette for framtidig aktivitet i området. Kommunen må derfor og gjere ei heilskapleg vurdering av belastninga på omgjevnadene som ei endring i arealbruk her vil føre til.

Støy

Ifølgje støyrapporten vil støysituasjonen for busetnaden i området i nordvest (Høyvik-området) vere tilnærma lik som i dag, men området sørvest for planområdet (Økstrafjorden) vil bli støypåverka. Planen medfører altså at det kjem ei ny støykjelde i eit område utan vesentleg støy i dag. Støyen kjem ifølgje støyrapporten ikkje over gitte grenseverdier, men vil vere høyrbar. Utan støyvollar vil det kunne bli noko meir støy i søraust enn utan. For alternativ 1 og 2 får planen middels til stor negativ konsekvens, medan konsekvensgraden for alternativ 3 blir sett til stor negativ.

Det er fleire manglar ved støyrapporten som er utarbeidd i samband med reguleringsplanen:

- For det første er det noko uklårt kva støybelastninga vil bli for gardsbruket i Romsbotn, og kor vidt støyvollarne er naudsynte for å overhalde krava eller ikkje. I støyrapporten går det fram at «vollarne er ikkje naudsynte for at verksemda skal klara å halda støykrava». I neste avsnitt står det at vollen mot Romsbotn er naudsynt for å overhalde krava.
- I vurderinga av samla støybelastning er det ikkje tatt høgd for støy frå skip som ligg til kai, aktivitet på regulert tømmerkai eller trafikkstøy. Ut frå oppdaterte støyvurderingar må det vurderast eventuelle støyreduserande tiltak, og setjast aktuelle grenseverdier i planen. Støy frå verksemda i seg sjølv vil vere regulert gjennom løyve etter forureiningslova, men samla støypåverknad må regulerast gjennom reguleringsplanen.
- Pigging er ei støykjelde som kan gje skjerping av støygrenser på grunn av impuls karakteren (= 5 dB skjerping). Støyrapporten slår fast at «sidan det er impuls karakteren ved mottakar som skal leggjast til grunn ved vurdering av om det skal nyttast impuls skjerping av grenser eller ikkje, vil dette måtte verta vurdert i kvar konkrete driftssituasjon». Statsforvaltaren etterlyser betre dokumentasjon på korleis dette skal vurderast.
- For modellering av støy, er det vanleg praksis å nytta konservative verdier for å sikre at berekningane ikkje undervurderer støybelastninga. I støymodelleringa her er det nytta ein absorpsjonsfaktor på 0,3 i sjølv brotet, medan det for store flater og vatn er nytta ein faktor



på 0 som er i samsvar med hard mark. På fjellgrunn er det vanleg å nytta ein absorpsjonsfaktor på 0,0 i støyberekningar. Kva markabsorpsjonsfaktor som er nytta for utrekninga vil påverke utbreiinga av støysona rundt brotet. Støyrapporten må derfor ta utgangspunkt i korrekt markabsorpsjonsfaktor.

- Vidare manglar støyrapporten vurdering av L_{AFmax} og L_{night}

På bakgrunn av mangelfull støyutgreiing fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 5-4.

Me gjer samstundes merksam på mogleg skjerping av utrekning for støy for industri. I eit eventuell framtidig utsleppsløyve kan det bli sett krav om å nytte støyindikator utrekna som ekvivalentnivå (L_{pAeqvT}) i staden for L_{den} . Dette kan medføre at støykravet blir skjerpa. Kommunen bør vurdere å få utgreidd kva dette vil ha å seie for tiltaket allereie no.

Støv

Konsekvensmatrisa viser «noko negativ konsekvens» for utgreiingsalternativet utan tiltak, og «ubetydeleg konsekvens» med støvdempande tiltak. I rapporten er det vist til at det er stor uvisse i berekningane, både i utsleppsfaktorar og spreingsberekning og i meteorologi. Utslepp vil variere med type stein og massar som handterast, og korleis massane blir handtert. Meteorologi har stor innverknad både på utslepp og i kor stor grad dei vert transportert til naboane. Kor ofte ein har tørt vêr over tid i kombinasjon med mykje vind vil vere styrande for forholda, og vil variere betydeleg frå år til år. Det er kjent problematikk knytt til nedfallsstøv frå dagens brot. Når det er så stor uvisse i utrekningane, bør ein ta utgangspunkt i dagens situasjon for å modellere utbreiinga av støv for å eit mest mogleg realistisk bilete på støvsituasjonen.

I oppsummeringa i konsekvensutgreiinga for luftkvalitet går det fram at utrekningane viser at dei nærmaste bustadane kan hamne i gul sone når uttaksmengda er oppe i 20 megatonn/år, dersom det ikkje blir gjort tiltak. Kartet som er utarbeida viser at gardsbruket i Romsbotn ligg i raud sone. Det er uklårt kvifor oppsummeringa i KU luftkvalitet berre viser til at enkelte bustader kan hamne i gul sone, og ikkje at bustaden i Romsbotn ligg i raud sone.

I konsekvensutgreiinga for folkehelse er det vist til at det føreligg ein avtale med grunneigar i Romsbotn om at Mibau Stema skal sørge for erstatningsbustad dersom høva blir slik at dei ikkje kan eller vil bu der, men dette er ein privatrettsleg avtale som ikkje kan sikrast gjennom reguleringsplanen. Det bør derfor gjerast greie for bygg i raud sone.

Vêrdata brukt i modelleringa er frå 2016. Det er ikkje gjort greie for om denne har tatt høgde for klimaendringar, som kan bety meir tørke sommarstid og meir vind. Vêrdata viser også til 176 døgn med nedbørsmengd $> 1\text{ mm}$, som «antakeleg vil gje våt og støvbindande grusvegane». Verksemda har drift 365 dagar i året. Betyr dette at 189 dagar er utan tilstrekkeleg nedbør til å gje støvdemping av vegar?

I berekningsmetoden er det brukt ein ruhetslengd på 1,0 m. Det bør gjerast greie for på kva grunnlag dette er gjort på.

Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at KU luftkvalitet blir utarbeida basert på dagens situasjon, og at det blir gjort greie for bygg i raud sone. Av omsyn til utforming av luftsonekartet bør det også gjerast greie for bakgrunnen for val av vêrdata og ruhetslengd.



Massehandtering

Etablering av tunnel vil generere massar. I følge KU for klimagassutslepp er det tale om 370 400 m³. Tiltaksområda for tunnel og tilkomstveg ligg innanfor nedslagsfelt til vassdrag. I KU vassmiljø går det fram at det er usikkerheit rundt kvar massar som takast ut av transporttunnel skal leggjast, og at det bør lagast ein massehandteringsplan der det ikkje deponerast massar som fører til avrenning og redusert vasskvalitet i Indre Høyvik. Ifølge planomtalen består området der tunnel skal etablerast blant anna av bergarten fylitt.

Fylitt er ein omdanningsbergart som er blitt til av gammal havbotnsleire over millionar av år. Mangel på oksygen under avsetningshøva kan føre til at det blir danna sulfidmineralar i bergarten. Når desse kjem i kontakt med vatn og luft, kan det utviklast svovelsyre. Svovelsyra bidrar til utlekking av blant anna arsen, nikkel, sink og kobbar. Berggrunn som danner syre eller andre stoffar som kan medføre forureining i kontakt med vatn og/eller luft, reknast som forureina grunn dersom ikkje anna er dokumentert, jf. forureiningsforskrifta § 2-3.

Massehandteringsplanen som er utarbeida i samband med reguleringsplanen er overordna, og tar ikkje føre seg omfang av overskotsmassar, mogleg førekomst av syredannande fylitt, eller eventuell mellomlagring eller deponering av slike massar. Det går fram av planen at massar som ikkje blir rekna som salbare skal deponerast innanfor brotområdet.

Der er særskilte krav til handtering av fylitt, både når det kjem til mellomlagring og deponering. Kommunen er myndigheit for terrenginngrep i område der det er tilført forureina massar eller det av andre grunnar er grunn til å tru at det er forureina grunn. Om massane ikkje kan omdisponerast innanfor tiltaksområdet, må massane leverast til godkjend mottak eller behandlingsanlegg med løyve etter forureiningslova, jf. forureiningsforskrifta § 2-5. Sidan regionen har få behandlingsanlegg eller godkjende mottak for denne typen masse, må eventuell anna disponering (til dømes gjenvinning i andre tiltak) avklarast. Her er Statsforvaltaren myndigheit.

Planen inneber terrenginngrep og ny arealbruk i eit område med potensiale for syredannande bergart, utan at det er gjennomført miljøtekniske undersøkingar. Massehandteringsplanen tar ikkje stilling til omfang eller mellomlagring av overskotsmassar frå tunnelen, og tar heller ikkje høgd for omfang og handtering av eventuell forureina grunn. Det er ikkje sett krav om at overskotsmassane skal nyttast til samfunnsmessige føremål, dersom planen genererer massar som er aktuelle å bruke opp att. Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og med bakgrunn i føringar i rundskriv T-2/16 Miljøforvaltningens innsigelsespraksis, fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til planen.

Grunnvatn

Konsekvensutgreiing for hydrogeologi konkluderer med at det vil bli fare for forureining til grunnvatn som følgje av tiltaket:

«Samla konsekvens vert vurdert som middels negativ konsekvens (--), basert på at noko forureining vil nå grunnvatnet, og at fleire område vil få minka grunnvatn som kan nyttast til brønnar. Det vurderast som mogleg å erstatta brønnane med nye brønnar, der vassmengda eller vasskvalitet blir dårlegare.»

Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analyse) som er utarbeida har identifisert fleire hendingar med mogleg risiko. Risiko for forureining til drikkevatt er ikkje vurdert, trass i funn i KU.



Basert på mangelfull ROS-analyse fremmer Statsforvaltaren **motsegn** til planen, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Endring og forureining til grunnvatn og brønnar må vurderast og avklarast opp mot risiko og aktuelt regelverk.

Grunnvasstanden vil ifølgje KU bli senka med 150 meter inni brotet, noko som vil påverke omkringliggjande område, og bidra til endra grunnmengd i vassdrag. Det bør vurderast om senking av grunnvatn kan medføre fleire konsekvensar for naturen rundt tiltaksområdet. Me har **fagleg råd** om at dette blir vurdert vidare.

Folkehelse

I vår fråsegn til høyring av arealdelen til kommuneplanen i 2022 gav Statsforvaltaren tilbakemelding om kommunen sitt ansvar knytt til folkehelse og miljøretta helsevern (MHV).

Det går ikkje fram av plandokumenta at MHV har vore involvert, og me rår til at MHV også uttalar seg i saka på detaljreguleringsnivå, når det no føreligg oppdatert og meir detaljert informasjon om verknadene av tiltaket. Helsekonsekvensutgreiinga som er utarbeida i samband med planforslaget framstår først og fremst som ei samanstilling av fagrapportane for støy, støv m.m., og ikkje som ei kritisk vurdering av konsekvensane for folkehelsa. Den verken omtalar eller vurderer tiltaket opp mot folkehelselova. Me vil derfor oppmode til at MHV gjer ei eiga vurdering av planen.

Klima

Samla er differansen mellom nullalternativet og utvida uttak et utslepp på cirka 8 100 000 tonn CO₂e, over 51 år for Alternativ 1, 41 år for Alternativ 2 og 31 år for Alternativ 3. Dette inkluderer dei største kjeldene til utslepp for uttak av 610 millionar tonn stein, produksjon av pukk, aggregat og transport på 1500 km til kunde med skip. Dette gir samla konsekvensgrad «svært alvorleg konsekvens». Til samanlikning hadde Suldal kommune eit utslepp på 57 535 tonn CO₂e i 2022.

I følgje KU for klimagassutslepp medfører planen omdisponering av om lag 1800 daa skog med ulik bonitet og 81 daa myr. I oversendinga går det fram at tiltakshavar ønskjer å bidra til restaurering av karbonrike areal, om det er grunneigarar som ønskjer å restaurere myrer på sin eigedom. Statsforvaltaren oppmodar sterkt til at kommunen tar initiativ og bidrar til at slike tiltak kan gjennomførast.

Verksemda har fått utarbeida ein klimaplan på grunnlag av konsekvensutgreiinga for klimagassutslepp, med mål om å redusere utslepp per produsert eining med 50 % innan 2030 og nå netto null utslepp innan 2050. Statsforvaltaren oppmodar sterkt til at tiltaka i denne planen blir følgt opp.

Landskap

Planen vil medføre store inngrep i landskapet. Planen får alvorleg konsekvens for delområda Harastigfjellet, Grøneviksåsen og Kordalsnuten. For dei andre delområda er det middels eller noko konsekvens. Tiltaket er vurdert sett frå 12 standpunkt i influensområdet og dekker både nær- og fjernverknad; innanfor ca. 0,5-1 km frå tiltaket er det nærverknad og over denne avstanden er det fjernverknad.

Delområde 9, Økstrafjorden v/Hestholmsundet er sett til stor verdi, og graden av påverknad er vurdert til «noko forringa». Påverknaden er vurdert frå Hestholmsundet, som ligg i fjernverknadssona sør i området. Økstrafjorden er kartlagt som eit landskap av nasjonal interesse. Sjølve avgrensinga av landskapsregistreringa strekk seg nordover heilt inn til Sagalia, og dermed svært nært brotsområdet. Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at påverknaden på det nasjonalt



viktige landskapet blir vurdert og illustrert frå fleire punkt innanfor avgrensinga, inkludert nærverknad. Dersom det viser seg at tiltaket då får større negativ verknad enn det som er skissert i KU som føreligg i dag, bør kommune krevje avbøtande tiltak.

Etterbruk


I fråsegn til oppstart og i samband med regionalt planforum etterlyste Statsforvaltaren tydelegare omtale av etterbruk, med ulike alternativ og konsekvensar. Etterbruk er berre omtalt ein gong i planomtalen. Her går det fram at uttaket av stein har ein så lang tidshorisont at det ikkje er mogleg å seie kva som kan vere aktuelle føremål etter avslutta uttak. Planen har derfor som utgangspunkt at når ein er ferdige med å ta ut steinmassar vert området ført tilbake til LNF-føremål, med fokus på natur (N i LNF). Utover dette er det ikkje gjort greie for etterbruk av arealet, og det er ikkje sikra krav til etterbruk i føresegnene.

Statsforvaltaren har **fagleg råd** om at det blir gjort grundigare vurderingar knytt til etterbruk, og at krav til etterbruk blir sikra i føresegnene.

Økologisk kompensasjon

I all planlegging er det eit viktig prinsipp å unngå negative verknader for miljø og samfunn. Tiltakshierarkiet er eit verktøy som viser kva vurderingar som bør gjerast for å redusere verknadene av eit utbyggings-prosjekt.

Å unngå skadeverknader er det mest effektive tiltaket for å ta vare på klima og miljø, og har høgaste prioritet. Dersom dette ikkje er mogleg, skal det vurderast tiltak for å avgrense skade. Om det heller ikkje er mogleg å unngå eller avgrense negative verknader, skal det gjennomførast tiltak for å setje i stand eller restaurere. Dersom prosjektet framleis fører til store negative verknader, skal det vurderast tiltak for å kompensere for desse verknadene.



Planen medfører at om lag 2700 daa med meir eller mindre urørt naturområde, går tapt. Fleire av naturtypene med stor verdi ligg slik til at det er vanskeleg å bøte på dei negative verknadene utan at planforslaget blir betydeleg omarbeida eller forkasta. I mekling om kommuneplanprosessen la Statsforvaltaren fram eit forslag til avgrensing som ville skåne fleire av naturtypelokalitetane, men dette var ikkje aktuelt for kommunen, grunngjeve i driftsmessig årsaker.

For å kompensere for dei skadeverknadene som ikkje kan unngåast, avgrensast eller setjast i stand, oppmodar Statsforvaltaren derfor sterkt til at Suldal kommune kjem med forslag til aktuelle restaureringsprosjekt og set i gong prosjekt for reelle kompenserande tiltak. Det er i plan- og bygningslova avgrensa moglegheit til å setje juridisk bindande krav om restaurering av natur som er øydelagt eller bygd ned utanfor planområdet, og krav om restaurering må derfor skje som ein avtale mellom kommunen og verksemda, og følgast opp av kommunen. Statsforvaltaren anbefalar at kommunen tek initiativ til ein slik avtale.



Med helsing

Lone Merethe Solheim (e.f.)
ass. statsforvalter

Cathrine Stabel Eltervåg
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091	0301	OSLO
	Majorstua		
Direktoratet for mineralforvaltning med	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Bergmesteren for Svalbard			
Fiskeridirektoratet	Postboks 185	5804	Bergen
	sentrum		
Kystverket	pb. 1502	6025	ÅLESUND